

Friidrettsmeisterskap vart ein knallsuksess

20.09.2015



Jonathan Taranger vann 2 gull, ein sølv og ein bronse

Kvinnheradsmeisterskapet på Husnes i friidrett vart ein knallsuksess frå langt meir enn ein sportsleg synsstad. Men så er det da også takknemleg å avvikla noko slikt når stadion er som ny og funksjonell, vergudane er 100 prosent på parti, prestasjonane er positive og Arne Torget kan gå inn i dei fleste arrangementsrollane utan problem. Men så sitter han da også inne med meir enn praktisk kunnskap, ettersom han spratt over 1,50 allereie som 16-åring.

**Sjølv om dei stilte berre med 5 deltarar, hevda også uskedelingane seg godt. Vi kjem nærmare attende til desse, og trekk i denne omgangen fram 800-meteren til 14 år gamle Synniva Myklebust på 2,43 og medaljehausten til 12-åringen Jonathan Taranger som han toppa med 2 gull. Løpsøvingane i meisterskapet var 60 meter, 600 meter og 800 meter medan det også vart tevla i lengde og kule. Publikum var ikkje tallrikt, men dei som kom deltok ivrig i applausen og kosa seg skikkeleg.**



Tilhøva var framifrå i dag. Her er Ådne Bruvik i fint driv

Apropos stadion: Det varmar ein gammal friidrettsentusiast å sjå ein arena med ein så høg kvalitet i eit område som ligg utanfor dei store sentra og trass i alt må karakteriserast som ein utkant. Ein kan vera freista til å gå inn for arrangement av enda større meisterskap der, men såvidt vi forstår på mangfoldige Torget er ikkje det mogeleg då det er berre 6 baner. Men er det for seint å få på plass ytterlegare 2?

Det bør også nemnast at gjestene fra Uskedalen ikkje berre erobra edelt metall, men også stilte opp som engasjerte arrangørar.

OG SLIK GJEKK DET MED DEI AKTIVE<

Karoline Ersland Myklebust fekk andre plass i lengde med 2,33 og samme plass på 600 meter. Torbjørn Haugland vart andremann i kule med 5,58 og Jonathan Taranger fekk samme plass i kule. Taranger vann lengde med 4,18 og 60 meter med 8,9-Torbjørn hadde 10,4 på 60-meteren og 2,27 på 600 meter. Taranger var tredjemann med 2,13 på 600 meter,

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Tor Edward Taranger og Ola Matti Mathisen



Flinke uskedelinger: Synneva Myklebust, Karoline Myklebust, Torbjørn Haugland og Jonathan Taranger